

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/7298-4

## **Fornyng av ruteløyve NX170 Førde - Oslo**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Firda Billag Buss AS og Nettbuss Travel AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.01.19 til 31.12.28.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med andre fylkeskommunar som ruta køyrer gjennom.
- d) Det er tillate å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skystasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Noresund, Hamremoene og Vikersund. Det er ikkje tillate med lokaltrafikk på strekninga Oslo – Drammen – Hokksund – Vikersund. I Oslo skal bussane køyre E 18 via Frognerstranda og Oslostunnelen. Dei einaste godkjende haldeplassane er Skøyen og Oslo SL-Bussterminal.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

### **Vedlegg:**

Søknad frå Firda Billag Buss AS

### **Andre relevante dokument i saka:**

Yrkestransportlova med forskrift

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Firda Billag Buss AS har i dag eit fellesløyve med Nettbuss Travel AS på den kommersielle ruta Førde – Gol - Oslo. Ruta har tre daglege avgangar. Løyvet er gyldig til 31.12.18.

Firda Billag Buss søker på vegne av selskapa om å få fornya ruteløyvet for to dagruter og ei natt rute for 10 nye år.

### **2. Høyring**

Søknaden om fornyng vart sendt på høyring til Buskerud og Oslo fylkeskommunar. Buskerud har ikkje merknader til at ruteløyvet vert fornya.

Andre opplysningar

Frå den dagen ruta starta opp har det vore avgrensa med namns nemning kva haldeplassar ruta kan nytte i Buskerud for av og påstigning. Det same gjeld køyretrasèen inn til Oslo Bussterminal. Det vert ikkje søkt om endringar på dette.

### **3. Økonomiske konsekvensar**

Selskapa søkjer ikkje om økonomisk støtte til drift av ruta.

### **4. Vilkår**

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det skal også vere eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

### **5. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at NX170 Førde – Oslo, med selskapa Firda Billag Buss AS og Nettbuss Travel AS får fornya ruteløve for persontransport på strekninga Førde – Oslo for 10 nye år.